

# **Forskrift om skulefritidsordning i Klepp kommune**

**Heimel:** Fastsett av kommunestyret 16.12.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa (opplæringslova) § 4-5 femte ledd.

## **§ 1. Eigarforhold**

Klepp kommune eig og driv skulefritidsordningane i kommunen.

Hovudutval for barn og unge er ansvarleg styringsorgan for skulefritidsordningane i kommunen. Samarbeidsutvalet er styringsorgan ved skulane. Samarbeidsutvalet kan ikkje gå utover retningslinjene som hovudutval for barn og unge har vedteke.

Skulefritidsordninga skal drivast i samsvar med krava i opplæringslova § 4-5 og kapittel 12.

## **§ 2. Verkeområde**

Forskrifta gjeld skulefritidsordningane i Klepp kommune.

## **§ 3. Formål**

Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar på 1.-4. trinn og for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn.

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar.

Aktivitetane skal vere tilpassa alder, funksjonsevna og interessene til barna. I skulefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår (Opplæringslova § 4-5).

Nasjonal rammeplan for SFO har status som forskrift til opplæringslova og gjer felles nasjonale føringar for innhaldet i SFO.

## **§ 4. Opptak**

Søknadsfrist for SFO er 1. mars. Søknad om plass skjer elektronisk.

Alle som søker innan fristen får plass. Søknadar som kjem etter fristen blir behandla så raskt som mogleg.

Barn som får plass, har plassen til den blir sagt opp, eller til eleven går ut 4. trinn.

Skulefritidsordninga skal også gje tilbod til elevar med særskilte behov på 5.-7. trinn. Skriftleg søknad med grunngjeving må sendast rektor innan 1. mars det fjerde skuleåret. Tilboden er gratis, men matpengar må betalast. Opptaksmyndigkeit er rektor i samråd med SFO-leiar. Retten til skyss til og frå SFO gjeld ikkje i skulen sine feriar, jf. opplæringslova § 4-1.

## **§ 5. Oppseiing og endring av opphaldstid**

Skulefritidsordninga har ein månads oppseiingstid. Det gjeld også for endringar i opphaldstida. Oppseiinga må vera skriftleg og gjeld frå den 1. kvar månad. 1.mai er fristen for å gje melding om at ein ikkje skal ha SFO-plass neste skuleår. Ved oppseiing etter 1.mai, må det betalast ut august månad.

## **§ 6. Foreldrebetaling**

Betalingssatsane blir fastsette gjennom politisk vedtak. Prisane blir regulert ein gong i året.

Tilboden gjeld for 11 månadar og betalinga skjer for heile august og heile juni, sjølv om barnet startar seinare i august eller sluttar tidlegare i juni.

Ein kan velje mellom opphold 2, 3, 4 eller 5 dagar i veka. Det blir betalt for heil dag, uavhengig av oppholdstid.

Matpengar kjem i tillegg.

Betalingsfrist er den 15. kvar månad. Det skal betalast om barnet har fråvær. Uregelmessig betaling fører til at barnet mister plassen.

Ved for sein henting, vil det bli fakturert for 200,- kroner pr. påbegynt halvtime.

### **Nasjonal ordning for redusert foreldrebetaling:**

1. 12 timer gratis SFO for elevar på 1., 2. og 3. trinn. I Klepp vil dette seie 3 dagar med gratis SFO i veka.
2. Redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt: Kommunen skal etter søknad redusere foreldrebetalinga for skulefritidsordninga på 1. til 4. trinn, slik at ho per elev utgjer maksimalt seks prosent av inntektene til hushaldet, dersom eitt av desse vilkåra er oppfylt:
  - a) Foreldrebetalinga per elev for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet det siste året.
  - b) Ei varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år gjer at foreldrebetalinga per elev for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet.

Ein må søka på nytt for kvart skuleår. Betaling for mat kjem i tillegg. Meir informasjon og søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside.

## **§ 7. Leike- og oppholdsareal**

Skulefritidsordninga bør ha eigna lokale til sitt formål. Inventar og utstyr må vere tilpassa barna sine behov for leik og aktivitet.

Areala til skulefritidsordninga må sjåast i samanheng med andre rom på skulen, samt skulen sitt uteområde og moglegheitene i nærmiljøet for leik og friluftsliv.

Skulefritidsordninga er også omfatta av forskrift om helse og miljø i skoler, barnehagar og skolefritidsordningar.

## **§ 8. Opningstid**

SFO-året er frå første virkedag i august og ut juni månad.

Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 16.30.

SFO har stengt i juli månad, julaftan, nyttårsaftan og onsdag i påskeveka. SFO har stengt 5 dagar i løpet av året på grunn av planleggingsdagar for personalet ved skulen.

Dersom SFO vel å starta året med ein planleggingsdag, må den bytast mot ein av dei andre planleggingsdagane til skulen. Endringar frå skuleruta må gjerast i samband med skulen sine rådsorgan og involverte barnehagar.

I skulen sine feriar må det vera minst 6 barn som har behov for tilbod, for at SFO skal halda opent. Om det er færre enn 6 barn som har behov for tilbod, vil dette bli gitt ved ein annan SFO i kommunen.

Føresette til barn som skal slutte i barnehagen og starta i SFO, startar i SFO første virkedag i august eller ved skulestart.

## **§ 9. Personale og leiing**

Rektor har det overordna pedagogiske, økonomiske og administrative ansvaret.

Rektor kan deleger oppgåver til leiar for skolefritidsordninga. Leiar for skolefritidsordninga har det daglege ansvaret.

Kompetansekrav til SFO-leiar skal ved nytilsetting vere minimum treårig høgskuleutdanning.

Grunnbemanninga skal i hovudregelen vere 10-14 barn pr. vaksen. Bemanninga bør styrkast dersom elevar med særskilte behov har plass i skolefritidsordninga.

## **§ 10. Forsikring**

Barn i SFO er kollektivt ulykkesforsikra.

## **§ 11. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft frå 01.01.2025. Frå same tid blir SFO-vedtekter frå 01.02.2022 oppheva